

Årsmelding for Jondal Grendakor – 2023

(Godkjent på årsmøtet i Odda, tysdag 20.februar 2024)

På sist årsmøte, 7. feb. 2023, - møtte 10 kormedlemmer.

Karin Gangdal var representant for soknerådet.

Møtet vart halde i Jondal kyrkje.

Styret for 2023 har vore:

Leiar	Marit Grete Bru
Nestleiar/skrivar	Haldor Tuvin
Kasserar	Jostein Byrkjenes
Styremedlem	Bente Torkildsen
Styremedlem/dirigent	Anne Karin Stormyr
1.vara	Lise Marit Fjellås (eitt år)
2.vara	Gro Belsnes Eide (eitt år)

Revisor: Karin Gangdal

Musikkutval: Anne Karin Stormyr, Gro Belsnes Eide, Haldor Tuvin

Styret har hatt 3 styremøte – 31/1 – 23/5 – 29/8 ---2023

Vårsemesteret:

Grandakoret kom i gang med øvingane 10. jan. 2023. Før årsmøtet 7. feb. , hadde me 3 øvingar. Søndag 12. feb. song me på gudsteneste . (Kyrie, Bless the Lord, Fredens Gud, Ned i vester,) Etter vinterferien tok koret del på salmekvelden 7. mars. (Min hjelp kommer frå Herren, Jesus Guds son, Fredens gud). Og etter ei øving song me på gudsteneste 12. mars. (Kyrie, Minhjelp kommer frå Herren, Jesus Guds son) Langfredag 7. april var det tid for pasjonskveld (Ver her og vak med meg, Hangikk den tunge veien, Den stunda i Getsemane,, Han ble såret for våre overtredder, Den lyse dag forgangen er, Herre gjev oss fred,) og 1. påskedag song me på høgtidsgudsteneste i kyrkja. (påskemotett, Kristus er oppstaden) Etter dette rakk me 4 øvingar før me var saman med konfirmantane og gjennomførte kyrkjespelet, »Deg å få skode» Når heile verda syng, Wade in the water, His name wil shine, Kristus er oppstaden, Klapp alle hender,, Lean on me, Throug the storm, Velsigninga) Ut etter våren var koret med og song på 17. mai gudsteneste (Hardangersong) og : «Der folketonen møter Jazzen» 1. pinsedag, sønd. 28. mai i kyrkja. (Little fuglen, Herre gud ditt dyre namn, Jesus gjør meg stille, Som Maria lær og lytte,, Den lyse dag forgangen er, Ned i vester,) Som vanleg vart det sommarkonsert i Mele. (Hardanger song, Littlefuglen, Herre Gud ditt dyrenamn, Frå Beatles-medly, Ned i vester,) Etter 8 arrangement avslutta Grendakoret med god mat i Hardanger Kulturgalleri.

Hautsemesteret:

Koret kom i gang med øvingane 22. august. Det vart 2 øvingar før me var med på Folkemusikkmesse i Jondal kyrkje. (Herre Gud ditt dyre namn, Ned i vester, Bruremarsj, Må din veg,) Ette haustferien hadde me salmekveld i Jondal bedehus der Haldor fortalde om Matias Orheim. (Å, var eg meir deg Jesus lik, Eg har

ei teneste, Kvardags kristen, Du vind som varmer, Å, denne kilde) Det var eit godt frammøte og ei hyggjeleg stund med kake og kaffi til dei omlag 20 frammøtte. Helgemessesøndag var koret med og song på gudsteneste og konsert om kvelden saman med Anne Catrine Eiken sopran og Leif Jone Ølberg baryton, fiolin. Det vart ein flott konsert. (Nå er livet gjeitt av Gud, , Du vind som varmer meg, Å denne kilde, Stig ut min venn) Så var det tid for adventskonserten saman med kor og solistar. (I den kalde vinter, Go tell it, Det hev ei rose, Julemotet Det er jul, , Koravslutningen vart på Hardanger House. 19. des. Song me på Vikevollen og 1. juledag på gudsteneste i Jondal. (I den kalde vinter, Go, tell it, Det hev ei rose, Denne hausten hadde me vore med på 7 arrangement.